



Anita Bakken  
Stranda 800 B  
5993 OSTEREIDET

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 18/2241 - 19/6392

Saksbehandlar:  
Johnny Danielsen  
johnny.danielsen@lindas.kommune.no

Dato:  
25.02.2019

## Referat frå møte i Skulemiljøutvalet torsdag 21. februar 2019

### Desse møtte:

Johnny Danielsen (Rektor), Birgitte Smådal (Lærer), Gullborg Tresnes (Andre tilsette), Ann Kathrin Espevoll (FAU), Laila Hindenes (FAU).

### Sakliste:

#### **Sak 14/2018-2019 Godkjenning av:**

- a) Innkalling
- b) Sakliste

Innkalling og sakliste vart godkjent utan kommentarar.

#### **Sak 15/2018-2019 Elevundersøkinga hausten 2018.**

Rektor viste fram resultata frå elevundersøkinga frå i haust, og samanligna resultata frå både 5, 6, og 7. klasse med det nasjonale snittet. Vi konsentrerte oss om områda; trivsel, motivasjon, heim – skule og arbeidsforhold og læring. I det store bildet syner det seg at resultata våre er i samsvar med det nasjonale snittet, men at vi skårer litt dårlegare på tal elever som kan føle seg einsam på skulen og kor godt elevane liker skulearbeidet. Derimot var det ein signifikant forskjell i heimskuledelen der våre elevar er godt fornøgd med dei forventningane dei føresette har til deira skulegang, og den hjelp, støtte dei får med lekser og skulearbeid. Undersøkinga stadfester også det vi sjølv ser av skilnader i motivasjon og arbeidsforhold i dei ulike klassane våre på mellomsteget. Dette er ting vi jobbar mykje og systematisk med.

#### **Sak 16/2018-2019 Oppsummering av bussprosjektet i veke 7.**

Birgitte Smådal oppsummerte bussveka vår på vegne av skulen, og sa at prosjektet hadde vore ein suksess med omsyn til elevengasjement og lærarinvolvering. Spesielt var det «stas» at Nettbuss



kom på onsdagen og tok elevane med på eit busstur opp til butikken på Ostereidet der dei informerte litt om «bussvett» og gjennomførde ein kontrollert bråstans med lav fart. Her fekk elevane kjenne på dei kreftene som er i sving. SMU diskuterte også om vi burde gjere eit slikt «bussprosjekt» til ein tradisjon ved oppstart kvar haust for å setje fokus på trafikktryggleik og god inkluderande åtferd i samband med skuleskyssen.

**Sak 17/2018-2019 Eventuelt.**

1. FAU ønskjer at rektor skal ta kontakt med dei rette instansar for å om det er mogleg å få satt opp ein bom ved oppkjørsla frå parkeringsplassen ved ungdomskulen og idrettsbygget. Her er det mange uheldige faremoment med bilkøyning i trange pasasjer medan born og vaksne brukar denne vegen til og frå skule og idrettsbygg. Dette er eit problem både på dagtid og kveldstid.
2. FAU ønskjer at vi tar ein prat internt om at dei vaksne som har vakt i friminutta ikkje må gå å snakke saman i friminutta, då dette kan medføre at fokuset vert tatt vekk frå elevane.

Med helsing

Johnny Danielsen  
rektor

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakarar:**  
Anita Bakken

Stranda 800 B 5993

OSTEREIDET